

Møteprotokoll

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Høyanger rådhus

Møtedato: 14.06.2019

Tid: 09:45 - 14:15

A. Disse møtte:

Faste medlemmar
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune Leiv Jarle Bergheim, varaordførar Aurland kommune Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune (frå sak 14) Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune (frå sak 14) Olav Turvoll, ordførar Vik kommune Sandra Opheim, varaordførar Årdal kommune (skype) Forfall: Jon Håkon Odd, ordførar Leikanger kommune
Medlemmar
Karina Nerland, dagleg leiar Jarle Skartun, rådmann Luster kommune
Andre
Torunn Hønsi, forskar Vestlandsforskning Joakim Systaddal, nærings- og samfunnsutviklar Balestrand kommune Tom Guldhav, klinikkdirektør, Helse Førde

B. Innkalling godkjent utan merknader.

C. Protokoll frå møtet 24.4.2019 godkjent utan merknader.

D. Ordførar Petter Sortland ønskte velkomen til Høyanger

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
13/19	18/3076 Klimatilpassingsteknologi som satsing i Sogn
14/19	18/3043 Sogn for alle - integrering og inkludering
15/19	19/2933 Felles profil og merkevare for Sogn
16/19	16/479 Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - evaluering
17/19	19/2919 Budsjettramme 2020 Sogn regionråd
18/19	19/447 Orienteringssaker

Sak 13/19
Klimatilpassingsteknologi som satsing i Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd tek rapporten "Klimatilpassingsteknologi - potensiale for næringsutvikling og nasjonal møtearena i Sogn" frå Vestlandsforskning til vitande. Rapporten gir eit godt kunnskapsgrunnlag om moglegheitene innan klimatilpassingsteknologi som eit nytt satsingsområde i Sogn.

Sogn regionråd ber næringsgruppa og rådmannsgruppa vurdere tilrådingane for vidare arbeid.

Handsaming

Det kom framlegg om følgjande tilføyning til siste setning:

Sogn regionråd ber næringsgruppa og rådmannsgruppa vurdere tilrådingane for vidare arbeid og kome med konkrete framlegg til handlingsplan.

Vedtak:

Sogn regionråd tek rapporten "Klimatilpassingsteknologi - potensiale for næringsutvikling og nasjonal møtearena i Sogn" frå Vestlandsforskning til vitande. Rapporten gir eit godt kunnskapsgrunnlag om moglegheitene innan klimatilpassingsteknologi som eit nytt satsingsområde i Sogn.

Sogn regionråd ber næringsgruppa og rådmannsgruppa vurdere tilrådingane for vidare arbeid og kome med konkrete framlegg til handlingsplan.

Sak 14/19
Sogn for alle - integrering og inkludering

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek å gjennomføra prosjektet «Sogn for alle» for perioden 2020-2023.

Målet med prosjektet er å sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrara.

Prosjektet vil bli finansiert av at Sogn regionråd set av kr 200 000 årleg i regionale utviklingsmidlar. Kommunane blir oppmoda om å løyve samla kr 200 000 årleg som kontingent.

Sogn regionråd søker eksterne midlar til delfinansiering av prosjektleiarstilling. Dersom det ikkje lukkast å få ekstern finansiering vil prosjektplanen bli teke opp i igjen i neste rådsmøte.

Ansvarleg kontaktperson i kommunane for dei enkelte arbeidspakkene bør bidra med stillingsressurs på minimum 10 %.

Kommunane må innan regionrådet sitt neste møte gje melding om at dei deltek i prosjektet og tek sin eigendel/kontingent.

Sogn regionråd løyver kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar for iverksetjing av tiltak hausten 2019.

Handsaming

Det kom framlegg om nytt fjerde avsnitt:

Sogn regionråd ønskjer å vektleggje samhandling, ansvarsfordeling og bli tydeleg på tiltak.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek å gjennomføra prosjektet «Sogn for alle» for perioden 2020-2023.

Målet med prosjektet er å sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarakar.

Prosjektet vil bli finansiert av at Sogn regionråd set av kr 200 000 årleg i regionale utviklingsmidlar. Kommunane blir oppmoda om å løyve samla kr 200 000 årleg som kontigent.

Sogn regionråd s kjer eksterne midlar til delfinansiering av prosjektleiarstilling. Dersom det ikkje lukkast   f  ekstern finansiering vil prosjektplanen bli teke opp i igjen i neste r dsm te.

Sogn regionråd ønskjer   vektleggje samhandling, ansvarsfordeling og bli tydeleg p  tiltak.

Ansvarleg kontaktperson i kommunane for dei enkelte arbeidspakkene b r bidra med stillingsressurs p  minimum 10 %.

Kommunane m  innan regionr det sitt neste m te gje melding om at dei deltek i prosjektet og tek sin eigendel/kontingent.

Sogn regionr d l yver kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar for iverksetjing av tiltak hausten 2019.

Sak **15/19**
Felles profil og merkevare for Sogn

Tilr ding:

Sogn regionr d vedtek   setja i gang prosjektet om felles profil og merkevare for Sogn og oppmodar n ringsnettverket og kommunane om   stille med ressursar i prosjektet.

Sogn regionr d l yver kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar til prosjektet.

Handsaming

Det kom framlegg om f lgjande nytt tredje avsnitt:

Sogn regionr d tek stilling til ytterlegare l yving n r endeleg finansieringsplan blir framlagt.

Vedtak:

Sogn regionr d vedtek   setja i gang prosjektet om felles profil og merkevare for Sogn og oppmodar n ringsnettverket og kommunane om   stille med ressursar i prosjektet.

Sogn regionr d l yver kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar til prosjektet.

Sogn regionr d tek stilling til ytterlegare l yving n r endeleg finansieringsplan blir framlagt.

Sak 16/19
Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - evaluering

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming

Det kom framlegg om følgjande vedtak:
Notatet vert sendt til kommunane for handsaming.

Vedtak:

Notatet vert sendt til kommunane for handsaming.

Sak 17/19
Budsjettramme 2020 Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjettramme for 2020 slik det ligg føre.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek budsjettramme for 2020 slik det ligg føre.

Sak 18/19
Orienteringssaker Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
 - Felles interesser Hardanger, Voss og Vaksdal – Sogn regionråd ønskjer at prosessen med å utvikla samarbeidet blir teke vidare.
 - Arendalsveka 2019 – samordna reisa
2. Innspel frå medlemane
 - Vikafjellstunnelen - utgreiing
3. Arbeidsgruppene
 - Samferdslegruppa: Møte med departementa om organisasjonsstruktur i Statens vegvesen
4. Rådmannsgruppa
 - Innkjøp – behov for meir kompetanse i kommunane når fylkeskommunen si innkjøpsteneste (SFFI) blir avvikla
 - Interkommunale avtaler - arbeidet med nye avtaler er starta opp
5. Programstyret System for styrka læring
 - Entreprenørskapsmesse i Aurland – godt gjennomført messe

6. Administrasjonen

- Bustadnettverket – statusrapport og tilråding for vidare arbeid i nettverket
- «Mitt yrke» – ny søknad frå Adalia film og media som dagleg leiar har avslått, jf handsaming i 2015.

7. Klimatilpassingsteknologi – orientering om funn og tilrådingar for vidare arbeid ved Torunn Hønsi, forskar Vestlandsforskning. Presentasjonen er lagt ved.

8. Prehospital plan – orientering om status i arbeidet og endringa i framdrift ved Tom Guldhav, klinikkdirektør ved Helse Førde. Presentasjonen er lagt ved.

Skriv og meldingar. Refererte

1. Regionaliseringsprosessen i NAV, brev til NAV Vestland, 30.4.2019
2. Båtrutetilbodet etter 2022 - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune 27. mai 2019
3. Ny organisasjonsstruktur Statens vegvesen - til Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 28. mai 2019
4. Rapport frå entreprenørskapsmessa 2019

Jan Geir Solheim
leiar

Petter Sortland

Ivar Kvalen

Karina Nerland
dagleg leiar